



Bjørg Agdesteen
Stiaberget 150
5179 GODVIK

Deres ref.:

Vår ref.:
20/4385 - 37 / LIGRMJ

Dato:
31.08.2020

Svar angående forureining og algeoppblomstring i Østre Eikangerpollen

Alver kommune har motteke e-post den 09.06.20, der det vart skrive om stor algeoppblomstring ved hytteeigedom 215/44 – 215/35 (Eidsnesvegen 64). Grunneigar ynskjer svar på om dette kan kome av for eksempel kloakk.

Det er spørsmål om kor mange hus som har kloakkutslepp rett i fjorden. Innanfor Eikangerpollen er det dei einebustadane og fritidsbustadane som er kopla til felles reinseanlegg som har utslepp her. Det er ikkje gjeve løyve til fleire utslepp direkte i pollen.

Angående vasskvalitet:

I 2009 og 2010 vart det teke vassprøver, som var negative med omsyn på kloakktilførsel. Det har ikkje vore teke jamleg prøver.

Den 24.08.20 vart det teke ut vassprøver ved eigedom gbnr. 215/35 (Eidsnesvegen 64), ved rørgjennomføring og gbnr. 215/53 (Eidsnesvegen 44).

Prøvene vart analysert på E.coli og intestinale enterokokker. Dette er bakteriar som finns i blant anna kloakk/fersk avføring.

Folkehelseinstituttet har fylgjande norm for vasskvalitet knytt til friluftsbad:

| Parameter | Utmerket | God | Tilstrekkeleg |
|---------------------------------|----------|---------|---------------|
| Intestinale enterokokker/100 ml | 100(*) | 200 (*) | 185 (**) |
| E.coli/100 ml | 250 (*) | 500 (*) | 500 (**) |

(*) Ut ifra en vurdering av 95 persentil. Verdiene må være lik eller mindre.

(**) Ut ifra en vurdering av 90 persentil. Verdiene må være lik eller mindre.

Prøveresultat viste fylgjande:

| Stad | Intestinale enterokokker/100 ml | E.coli/100 ml | Vasskvalitet |
|--------------------------|---------------------------------|---------------|--------------|
| 1 – Hytte – 215/35 | 5 | 10 | Utmerket |
| 2 – Ved rørgjennomføring | 6 | 50 | Utmerket |
| 3 – Hytte - 215/53 | 1 | < 10 | Utmerket |

Prøveresultat frå 24.08.20 viste **ikkje** teikn til tilførsel av kloakk eller fersk avføring. (Vedlegg prøveresultat frå Eurofins).

Angående rørgjennomføring: Det ligg ein gammal avtale mellom innbyggjarane i område og tidlegare Lindås kommune som seier at eine røyre er stengt i perioden april til oktober. Frå oktober til april er begge røyrene opne. Det er Alver kommune som utfører dette i hht avtale.

Konklusjon

Alver kommune har gjennom si undersøking ikkje funne kjelder til forureining i Østre Eikangerpollen. Algevekst i Østre Eikangerpollen er ei naturleg førekomst etter forholda.

Dersom hytteigar ynsker å teste vasskvaliteten i løpet av badesesongen, kan hytteigar sjølv syte for dette. Det er ikkje ein kommunal oppgåve å kontrollere private badeplassar.

Ved ev. tilkomst av nye opplysningar (ev. forureiningskjelder), vil Alver kommune utføre nye undersøkingar.

Med helsing

Terese Folgerø
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Arne Klæbo
Kjetil Spurkeland
Siril Therese Sylta

Morvikbotn 168

5122

MORVIK

Vedlegg

EUNOBE-00042134_Østre Eikangerpollen - 3 av 3 - 20200826
1532

1437624

31.08.2020

Mottakere

Björg Agdesteen

Stiaberget 150

5179

GODVIK